ıdbygningen vedlike, all-
en i Grindheim løa og
ugen i Gjerde fjosen.
erande prestebustad vart
i 1871, og i dag er fem
usa i tunet freda. Matrik-
ırden Enge er i nyare tid
lelt i fleire mindre bruk,
fiskerettar i Etneelva og
ettar i Bjønndalen har
tegarden framleis
rett over.

*GRANNAR*

*gdebladet «Grannar»,*
*ı såg dagens lys i 1973,*
*ei lokalavis for kom-*
*nane Etne, Ølen og*
*ıdafjord. Det var mål-*
*a som etter EF-striden*
*973 gjekk saman og*
*ba eit felles bygdeblad.*
*'annar» kjem ut to*
*ıger i veka og vert ut-*
*en på nynorsk. Avisa*
*særleg opp aktuelle*
*ıa og saker som gjeld*
*se bygdene.*

*er vert hundretusenvis*
*ter eitt til to år vert dei*
*ıg på Vestlandet.* SVEIN NORD





### ETNE PLANTESKULE; GRØNE TRE OG KVINNFOLKARBEID

Etne Planteskule starta opp i 1949, etter at Staten hadde kjøpt opp fleire bruk på garden Enge. Skogreisingstanken stod sterkt på den tida og det hadde lenge vore eit ynskje om å starta ein skule for større planteproduksjon. Det var særleg vanleg gran og sitkagran skulen dreiv fram; dette var plantar som hadde den beste veksten og som var mest eigna til masseproduksjon. Planteskulen har gjeve bygda mange gode arbeidsplassar, særleg er det mange husmødre i Etne som gjennom åra har nytta seg av det sesongvise plantearbeidet. På det meste, i 1958, leverte planteskulen 6,2 millionar bruksplantar. I 1991 selde Staten skulen til Rogaland Skogselskap, som har vidareutvikla verksemda. I dag produserer Etne Planteskule A/s eit stort utval klimatilpassa plantar til skogbruket og juletreproduksjonen på Vestlandet; som til dømes fleire typar granplantar, furu, lerk, bjørk og svartor. «Å gå rundt planteskulen» er eit velkjent uttrykk i Etne om ein populær og mykje omtykt fottur rundt skulen i Engemarka.

### VETEN – VARSLING OM UFRED

*Fjelltoppen Veten oppom Fitja har ei spanande historie. På fjelltoppar med stort utsyn sette ein i gamal tid opp vetar. Vetevarslingssystemet har samanheng med leidangsordninga. Dei vart begge innførde av Håkon den Gode på 900-talet, men kan ha røter lenger tilbake i tid. Vetevakter speida etter framande hærskip og kalla med store bål leidangen saman til hærtokt. Eit nettverk av slike vetar var plasserte kring heile kysten, ein kunne sjå frå eine til neste, og på denne måten kunne ein vera budd på åtak. Det kvilte eit tungt ansvar på vetevaktene, og berre frie bønder kunne ha ei slik oppgåve. Om ein varsla i utrengsmål, eller forsømde å varsla hærskip, vart ein fredlaus eller laut betala store bøter. Vi kan sjå for oss den hektiske stemninga kring leidangsnausta i Gjerdssjøen når veten brann og lendmannen budde seg til tokt.*

*Prestegarden på Enge.* SVEIN NORD



Due to recurrent changes of course, the Etne river was long considered unbridgeable; there was a ferry instead. It was thus a miracle when a wooden bridge was opened in 1860. Two different concrete bridges were built after the war.

Etne rectory (p. 120) was considered the best farm in the district, despite the ravages of the river; the present house is from 1871 and five of the buildings are subject to a preservation order.

Etne Nursery has both contributed to the development of modern forestry (Norway and Sitka spruce) and provided seasonal employment to housewives (p. 120); it now supplies much of Western Norway with Christmas trees and a variety of species for planting.

The hilltop called "Veten" was part of the Viking-age beacon system used to call out the naval levy; manning the warning system was a heavy responsibility entrusted only to freemen.

Im Ortsteil Enge in der Nähe der Flussmündung befand sich während des 2. Weltkrieges auch das deutsche Militärbataillon. Insgesamt 900 Soldaten hatten hier Platz, und es gab zu dieser Zeit in Etne mehr Deutsche als Einheimische. Jedes Mal, wenn Soldaten an die Ostfront geschickt werden sollten, fand im „Haus der Jugend" von Etne ein Fest für die Soldaten statt.

Der Pfarrhof in Enge besteht schon seit vielen Jahrhunderten, und lange galt das Gehöft als das größte und beste der Gemeinde. Das heutige Pastorat wurde 1871 erbaut, und fünf der Häuser stehen heute unter Denkmalschutz.

Die Baumschule von Etne nahm 1949 ihren Betrieb auf. Die Aufforstung war eine zentrale Aufgabe in dieser Zeit, und besonders die Zucht von Tannen war wichtig. 1958, in ihrem besten Jahr, lieferte die Baumschule 6,2 Millionen Pflanzen.